

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug


Innspel til Alver kommune sin samfunnsdel i kommuneplanen

Naturvernforbundet Nordhordland handsama planen på styremøte 25.01.22. Vi har desse merknadene:

Visjonen

Vi ønsker oss ein klarare visjon tufta på klima og naturmangfald. Det er prisverdig at planen tek utgangspunkt i berekraftmåla til SN, men slik dei er presentert som sidestilte i ein kube får ikkje planen godt nok fram at biosfæren der vi tek vare på klima og naturmangfald, utgjer sjølve livsgrunnlaget for sosialt liv og økonomien i eit samfunn. Omsynet til biosfæren bør difor vera grunnleggjande i all planlegging, også i Alver kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen.

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde som Alver har slutta seg til, byggjer visjonen og strategiane sine nettopp på ein berekraftsmodell der omsynet til biosfæren utgjer sjølve fundamentet. Vi ønsker at denne modellen slik den er presentert under, også gjennomsyrer Alver kommune sine visjonar, strategiar og mål i samfunnsdelen.



Strategiar og mål

Omsynet til biosfæren med vekt på klima og naturmangfald bør vera fundamentet for samfunnsdelen og gjennomsyra strategiar og mål.

Naturvernforbundet Nordhordland har teke utgangspunkt i handlingsprogrammet vårt når vi foreslår mål som vi meiner kommunen bør prioritera.

- Vera pådrivar og samarbeidspartnar for UNESCO-programmet *Nordhordland Biosfæreområde*. Arbeida for berekraftig samfunns- og næringsutvikling slik programmet legg opp til med særleg fokus på naturmangfald og klima.
- Utarbeida kommunedel for naturmangfald.
- Laga mål for den økologiske tilstanden i kommunen med konkretisering av tiltak og gjennomføring for å nå måla.
- Bidra til å stoppa attgroing med sitkagran og andre svartelista tresortar i strandsona og opne landskap slik at kystlynghei og naturbeitemark i størst mogleg grad blir skjøtta for ettertida.
- Driva aktiv tilrettelegging for jordbruket med særleg vekt på utmarksbeite i kystlyngheia i kommunen.
- Bevare leveområde for pollinerande insekt, til dømes gjennom skjøtsel av kystlynghei og restriktiv kantslått av vegane.
- Sikra eit sterkt strandsonevern i høve naturmangfald og friluftsliv. Talet på dispensasjonar må ned.
- Forhindra utbygging når det kjem i konflikt med landskap, naturmangfald og friluftsliv slik som i Midmarka på Flatøy og Lonena i Knarvik.
- Seia nei til alle industrielle vindkraftanlegg i kommunen.
- Vera restriktiv til utbygging av ny vasskraft når det kjem i konflikt med landskap, naturmangfald og friluftsliv.
- Medverka til at ny nasjonalpark i Fjonfjella vert realisert, og gå inn for vidare vern av Eikefetvassdraget. Medverka til at landskapsvernområde i Eiterdalen vert oppretta.
- Gå i mot store naturødeleggjande og klimafiendtlige vegprosjekt som ny E39 langs Osterfjorden og tverrsambandet til Askøy.
- Ha auka fokus på reduksjon av det kommunale forbruket. Lågare forbruk er den raskaste vegen til lågare klimagassutslepp og bevaring av naturmangfald.
- Innarbeida offensive klimamål i den kommunale klimaplanen. I den samanhengen arbeida for gode kollektivløysingar; m.a. tenleg busstilbod, utsleppsfri hurtigbåt til Bergen og innfartsparkering. Prioritera fortetting med tilrettelegging for sykkel og gange i Knarvik, lokalsenter og nærsenter.
- Leggja til rette for eit desentralisert tenestetilbod slik at lange reiser med tilhøyrande klimagassutslepp ikkje aukar, men går ned.
- Ta initiativet til å etablera fleire hurtigladepunkt og ein større stasjon for hydrogen i Knarvik.

- Arbeida for grøn omstilling av industrien i Nordhordland med vekt på redusert karbonavtrykk og låg energibruk. Seia nei til datasenter for kryptovaluta.
- Vera drivar for fortetting av industri og næringsverksemd slik som Greenspot Mongstad. Ikkje spreia nye næringsområde i urørt og sårbar natur slik det er gjort m.a. på Eidsnes.
- Unngå nedbygging av kystmyr og kystlynghei og deira funksjon som karbonlager.
- Gå i mot ei tredje tilførselslinje for kraft til Nordhordland. Oppgradering av eksisterande nett må prioriterast. Om ei tredje linje pressar seg fram, må ho i kabel.
- Vera pådrivar for TCM si utprøving av karbonfangst og algeproduksjon.
- Seia nei til alle søknader om utslepp av miljøgifter til Fensfjorden.
- Avdekka og krevja opprydding i leveringspliktig avfall som forsøplar miljøet og naturen. Ta initiativ overfor NGIR for kartleggingsprosjekt av skrot.
- Etablere betre mottaksordningar for landbruksplast. Gå inn for miljøvenleg kunstgras.
- Utarbeida interkommunal plan for sjøområda som tek sterkare omsyn til marint naturmangfald, friluftsliv og fiske enn eksisterande planar. Aktiv nedkjemping av lakselus, sjukdom, forureining og oksygenmangel krev mindre volum og lågare arealbeslag i oppdrettsnæringa.
- Regulera vass- og snøscooterbruken. Unngå frislepp.
- Styrkja samarbeidet med organisasjonar som arbeider med natur- og miljøvern saker i regionen, m.a. Naturvernforbundet, Turlaget, Jeger- og Fiskerforbundet og ulike aksjonsgrupper. Oppretta referansegrupper der natur- og miljøspørsmål er en viktig del av planarbeidet.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland